



Norske Felleskjøp SA

Prognose for tilgang av norsk korn for sesongen 2019/2020

12. mai 2020

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å skape balanse i kornmarknaden i Norge og sikre at omsetninga av norsk korn kan skje til målpris. Norske Felleskjøp skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet.

Denne prognosen er siste vurdering av balansen i sesongen 2019/2020 og grunnlag for siste tildeling av importkvotar og eventuell iverksetting av andre marknadsbalanserande tiltak.

Tilgangsprognose

Norske Felleskjøp gir følgjande prognose som oppdaterer forventta tilgang av norsk korn til engrosmarknaden i kornåret:

Tilgang norsk korn (tonn)

	Gjennomsnitt 2014-18	Tilgang 2018	Prognose 2019	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
Matkveite	165 000	84 400	207 000	125 %	245 %
Førkveite	164 000	42 200	225 000	137 %	533 %
Kveite i alt	329 000	126 600	432 000	131 %	341 %
Matrug	21 000	2 400	13 000	62 %	542 %
Fôrrug/rugkveite	16 000	5 300	38 000	238 %	717 %
Rug i alt	37 000	7 700	51 000	138 %	662 %
Bygg	507 000	408 900	541 000	107 %	132 %
Havre	259 000	146 700	218 000	84 %	149 %
Korn totalt	1 132 000	690 000	1 242 000	110 %	180 %
Erter	3 000	2 700	4 000	133 %	148 %
Oljefrø, åkerbønner	10 000	7 200	16 000	160 %	222 %
Korn, erter, oljefrø	1 145 000	699 900	1 262 000	110 %	180 %
Matandel kveite	50 %	67 %	48 %		
Matandel rug/rugkveite	57 %	31 %	25 %		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

Prognosen tilseier at tilgangen av korn og proteinvekstar er i alt 7 000 tonn lågare enn prognosert i november og 28 000 tonn mindre enn prognosert i mars.

Kvaliteten på matkveiten

Nofima og NMBU har undersøkt kvaliteten på matkveiten denne sesongen og oppsummert viser analysane at den norske kveiten hausta i 2019 er god. Det er lite DON i norsk korn denne sesongen.

Forbruksprognose

Estimat for forbruk av matvarer for resten av sesongen har blitt ekstra usikker som følge av koronapandemien. For fôrkorn er utviklinga vurdert i Nortura og Tine sine prognosar, medan matmjølmøllene har gitt vurderingar for forbruket av matkorn.

Matkorn

Prognosen for forbruk av matkorn i 2019/2020 er basert på forbruksstatistikk til og med mars 2020. I framskrivinga er det i utgangspunktet lagt til grunn trendutviklinga pr. måned over dei tre siste sesongane. Koronapandemien har gitt auka forbruk av matmjøl i Norge. Det er lagt til grunn at foredling av matkveite og grynhave aukar med 5 % i perioden april – august.

Tabellen under viser den totale foredlinga av matkorn for den norske marknaden dei siste sesongane og prognose:

Matkornforbruk pr kornsesong (tonn)					
Sesong	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
2014/2015	274 945	22 124	3 187	30 888	331 144
2015/2016	276 701	21 122	3 517	30 281	331 621
2016/2017	279 211	21 177	3 232	30 145	333 765
2017/2018	273 813	22 080	3 450	35 727	335 070
2018/2019	268 670	19 843	3 002	35 210	326 725
Prognose 19/20	274 000	19 000	3 000	41 000	337 000
Endring	2,0 %	-4,2 %	-0,1 %	16,4 %	3,1 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Kraftfôr

Forbruksprognosane for fôrkorn baserer seg på registrert sal av kraftfôr til og med 1. kvartal i 2020 og produksjons- og salsprognosar for mjølk, kjøtt og egg for resten av prognoseperioden.

Forventa produksjon av kraftfôr i perioden oktober 2018 – september 2019 går fram av tabellen:

Kraftfôromsetning per kornsesong (tonn)					
	Drøvtyggar	Svin	Fjørfe	Anna	Sum
4K14 - 3K15	1 010 312	495 779	426 925	22 386	1 955 402
4K15 - 3K16	1 012 834	498 346	436 699	19 094	1 966 973
4K16 - 3K17	1 004 677	491 545	458 736	16 823	1 971 781
4K17 - 3K18	1 053 443	487 750	444 983	16 753	2 002 929
4K18 - 3K19	1 095 611	462 859	470 179	16 882	2 045 531
Prognose 19-20	1 023 000	457 000	483 000	17 000	1 980 000
Endring	-6,6 %	-1,3 %	2,7 %	0,7 %	-3,2 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Andelen karbohydratråvarer i samla produksjon av kraftfôr, er utgangspunktet for å prognosere behovet for korn og andre karbohydratråvarer. I prognosen er det lagt til grunn at andelen karbohydrat vil stabilisere seg i resten av kvoteåret. Registrert og prognosert utvikling er vist under:

Andel karbohydrat	
	Registrert Prognose
2013/2014	71,9 %
2014/2015	71,7 %
2015/2016	69,8 %
2016/2017	70,2 %
2017/2018	70,6 %
2018/2019	74,1 %
4. kvartal 2019	73,0 %
1. kvartal 2020	71,9 %
2. kvartal 2020	71,6 %
3. kvartal 2020	71,6 %
4K19 - 3K20*	72,0 %

Dette gir følgjande prognoserte forbruk av karbohydratråvarer i kraftfôret i sesongen:

Forbruk av karbohydratråvarer (tonn)	
Forbruk	
Kraftfôrsal	1 980 000
Andel karbohydratråvare	72,0 %
Behov karbohydratråvarer	1 426 000
-Tilgang av kli frå norske matmjølmøller	55 000
Behov for karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr	1 371 000

Fordeling av tilgangen av norsk korn

Kornsesongen 2019 ga relativt mykje haustkveite og lite vårkveite. Overskott av haustkveite var difor venta. Pr. 1. april er det meldt inn eit overskott av 23 400 matkveite. Av dette er 15 400 vårkorn klasse 1 og 8 000 tonn er av haustkorn klasse 5. Det har skjedd ei vriding av forbruket frå vårkveite til

den rimelegare råvara av haustkveite – frå bakeriindustri og storhushaldning og over til detaljhandel. Dette er utslag av endra forbruksmønster under koronapandemien.

I etterkant av den bindande innmeldinga pr. 1. april er det bedt om at overskottet av haustkveite klasse 5 på 8 000 tonn heller blir stilt til disposisjon for matmjølindustrien enn å bli omdisponert til fôr. I lys av den usikre situasjonen samfunnet kom i frå mars, vil Norske Felleskjøp akseptere at Felleskjøpet Agri kan bli fristilt frå forpliktinga til å handtere dette som overskott. Det gjenstår då overskott av 15 400 tonn klasse 1 som ikkje er handtert. Frå før er 33 873 tonn haustkveite omdisponert til fôr.

Overskottet av vårkorn er av god kvalitet og ville normalt ha vore brukt opp i sesongen. Redusert areal haustkveite og god omsetning av såkorn av klasse 1 gir utsikt til god klassefordeling hausten 2020. Norske Felleskjøp legg til grunn at overskottet av matkveite av klasse 1 bør kunne overlagrast.¹

Norsk havre etter sesongen 2019 er svært liten og vêrskadd og tilfredsstillende i liten grad kvalitetskrava til matmjølmøllene. Den prognoserte tilgangen av norsk grynhavre er sett i samsvar med tilbakemelding frå kornhandlarane om forventa sal.

Tabellen under gir oversikt over bruken av norsk korn frå årets avling og av korn som er overlagra for marknadsreguleringa si rekning:

Fordeling av norsk korn mellom matkorn og fôrkorn (tonn)

Kornbalanse (tonn)	Mat- kveite	Matrug	Fôr- kveite	Fôrrug	Bygg	Havre	Fôrkorn
Overlagra frå sesongen før	0	0	0	0	0	0	0
Prognosert ny tilgang	207 000	13 000	225 000	38 000	541 000	218 000	1 022 000
Matkorn til fôr/fôrkorn til mat	-500		500		-3 000	-13 000	-15 500
-Omdisponert pr. mars	-33 900		33 900				33 900
Tilgjengeleg	172 600	13 000	259 400	38 000	538 000	205 000	1 040 400
Innmeldt overskott 1. april	23 400						0
Reduksjon av overskott 1. april	-8 000						0
Rest å handtere	15 400	0					0
Omdisponering	0		0				0
Overlagring	-15 400						0
=Å bruke i sesong	157 200	13 000	259 400	38 000	538 000	205 000	1 040 400

¹ Innmeldt underskott av fôrkveite er føreset sett supplert gjennom ordinære importkvoter.

Fordeling av matkveiten

Tabellen viser fordelinga av matkveiten, før og etter korreksjon for overlagra kveite omsett til matmjøl:

Fordeling av matkveiten (tonn)

	Matkveite-tilgang	Tilgang, fordeling	Forbruk	Regulering	Fordeling etter regulering
Klasse 1	44 000	21 %	29 000	(15 000)	18 %
Klasse 2	11 000	5 %	11 000	-	7 %
Klasse 3	33 000	16 %	33 000	-	21 %
Klasse 4	53 000	26 %	53 000	-	34 %
Klasse 5	65 000	32 %	31 000	(34 000)	20 %
I alt	206 000	100 %	157 000	(49 000)	100 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Import av råvarer for å supplere tilgangen av norsk korn

Importbehov matkorn

Importkvoten for matkorn vert gitt som ei samla kvote som vert fordelt mellom auksjonar i august, november og mai. Som grunnlag for tilråding om den samla importkvoten er dei enkelte kornslaga vurdert for seg. Ut frå prognosert totalt forbruk av matkorn og prognosert tilgang av norskproduert matkorn, vil det vere trong for følgjande supplerande import av matkorn i sesongen:

Importbehov matkorn (tonn)					
	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
Forbruksprognose	274 000	19 000	3 000	41 000	337 000
Norsk matkorn	157 000	13 000	3 000	13 000	186 000
Underdekning matkorn	117 000	6 000	0	28 000	151 000

Andelen norsk korn av forbruket av matkorn totalt blir med dette 55 % i sesongen.

Forslag om importkvote for matkorn

Ved fastsetting av kvote for import med redusert toll vert det teke omsyn til import frå MUL-land og til særskilt avtalte kvoter med andre land. Det er ikkje søkt om GSP-lisensar for import av matkorn. Det er lagt til grunn at durumimporten kan skje innanfor bilateralt avtalte kvotar. Kvantumet er sett likt sist kjende periode.

Dette tilseier følgjande kvote:

Prognosert suppleringsimport matkorn, mai 2020 (tonn)	
Prognosert suppleringsimport sesongen	151 000
- Import under kvoter for durumkveite	-1 400
Suppleringsimport inklusive MUL-import	149 600
- Tildelt importkvote i august	-46 000
- Tildelt importkvote i november	-68 000
- Tildelt importkvote i januar	-15 000
Importbehov inklusive MUL-import	20 600
- Lisensiert nulltollimport frå MUL-land	0
Prognosert suppleringsbehov med administrert toll	21 000

Importbehov for karbohydratråvarer til kraftfôr

Minimumsimport av karbohydratråvarer

Importvernet for jordbruksvarer er etablert for å sikre rom for avsetning av norsk jordbruksproduksjon. Husdyrproduksjonen føreset likevel ein del import av råvarer, mellom anna til produksjon av kraftfôr. Norske Felleskjøp har gjennom rapporten «Rom for bruk av norsk korn» av 01.12.2017 drøfta rammene for minimumsimport av visse råvarer. Dersom minimumsimporten ikkje sikrar råvarer som trengs for å vere tilstrekkeleg robust med tanke på å sikre dyra si helse, kan Norske Felleskjøp vurdere å tilrå kvoter for ein større import. Utrekning av aktuelle minimumsnivå for suppleringsimport av karbohydratråvarer i inneverande sesong er vist i vedlegg.

Prognosert produksjon av kraftfôr og forventa andel karbohydratråvare i kraftfôr gir følgjande potensielle rom for norsk fôrkorn i sesongen 2019/2020 (jf. vedlegg):

Rom for norsk korn (tonn)	Minimum	Robust
Totalt behov for karbohydrat	1 371 000	1 371 000
Minimumsbehov for import i sesongen	-200 000	-250 000
Teoretisk rom for norsk fôrkorn	1 171 000	1 121 000

I sesongen er det tilgang til mindre norsk fôrkorn enn industrien kunne ha brukt. Det blir difor ikkje nødvendig å sikre industrien større tilgang til import enn ordinært suppleringsbehov slik dette framstår av den prognoserte balansen mellom tilgang og forbruk.

Prognosert suppleringsbehov i sesongen

Prognosen gir følgjande behov for suppleringsimport for karbohydratråvarer til kraftfôr:

Suppleringsbehov karbohydratråvarer (tonn)	
Karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr *)	1 374 000
Rom for norsk fôrkorn	1 171 000
Prognosert forbruk av norsk fôrkorn	1 040 400
Bruk av norsk korn til kraftfôr korrigert **)	-1 030 000
Underdekning av karbohydratråvare totalt	344 000

*) Importert karbo ikkje brukt i kraftfôr 3 000 tonn **) Svinn 1,0 %

Andelen norsk korn av karbohydratdelen eksklusiv kli er med dette 75 %. Av totalt kraftfôr utgjør norsk korn og kli 55 %.

Avtalte importkvotar for karbohydratråvarer

Ein del av råvarene til kraftfôr vert importert tollfritt frå MUL-land. Denne importen blir korrigert for i kvoter som blir tildelt på auksjon. For perioden 01.08.2018 – 7.11.2018 er det importert 7 900 tonn karbohydratråvarer frå MUL-land og for perioden 7.11.2018 - 24.04.2019 er det importert 12 000 tonn tilsvarande. Det vart ikkje gitt lisensar for perioden april-august 2019 og difor ingen ubrukte konsesjonar å korrigere for.

EU er gitt tilgang til tollfri eksport av 15 000 tonn mais og 10 000 maisgrits til Norge pr. år. GSP-land er gitt ein kvote på 40 000 tonn tollfri melasse til dyrefôr pr. år.

GSP-kvoten for melasse blir gitt for kalenderåret.

Forslag om importkvote for fôrkorn

Prognosen gir følgjande oversikt over balansen for karbohydrat pr. mai, basert på oppdatert behov for råvarer:

Prognosert suppleringsimport karbohydrat, mai 2020 (tonn)	
Prognosert behov for import i sesongen	344 000
- Kvoter for mais og maisgrits - EU	-25 000
- Kvote for melasse - GSP	-40 000
Korreksjon for ubrukte MUL-lisensar i siste kvoteår	0
Suppleringsimport inklusive MUL-import	279 000
- Tildelt importkvote i august	-83 000
- Tildelt importkvote i november	-77 000
Importbehov mai inklusive MUL-import før korreksjon	119 000
- MUL; importert og lisensiert import	-3 400
Prognosert suppleringsbehov med administrert toll	116 000

VEDLEGG

Tilgang korn historisk og prognosert (tonn)

	Matkveite	Fôrkveite	Total	Matrug	Fôrrug og rugkveite	Total rug/ rugkveite
2004/05	336 060	55 818	391 878	33 192	5 811	39 003
2005/06	355 252	22 663	377 915	25 872	7 563	33 434
2006/07	219 365	120 726	340 091	19 940	4 690	24 630
2007/08	303 085	78 421	381 506	25 080	13 226	38 305
2008/09	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/10	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/11	184 820	127 429	312 249	16 182	17 585	33 767
2011/12	40 504	229 783	270 287	4 747	11 478	16 225
2012/13	174 164	84 459	258 623	2 853	2 025	4 878
2013/14	171 406	26 345	197 741	11 700	949	12 649
2014/15	218 538	152 437	370 976	31 266	6 764	38 030
2015/16	147 783	325 024	472 806	36 599	29 524	66 123
2016/17	224 867	65 522	290 389	13 457	9 529	22 987
2017/18	148 389	235 715	384 104	20 925	28 852	49 777
2018/19	84 394	42 218	126 613	2 438	5 319	7 757
13. august	253 000	175 000	428 000	17 000	29 000	46 000
9. september	228 000	236 000	465 000	18 000	32 000	50 000
14. november	207 000	234 000	441 000	15 000	35 000	50 000
18. mars	218 000	232 000	450 000	13 000	39 000	52 000
Prognose	207 000	225 000	432 000	13 000	38 000	51 000

Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner, lupiner	Rug-kveite1)
2004/05	599 521	353 222	1 383 624	2 476	12 237	642
2005/06	557 297	264 385	1 233 032	3 400	11 220	223
2006/07	508 919	233 840	1 107 480	5 934	9 519	49
2007/08	456 091	260 427	1 136 329	8 691	8 966	67
2008/09	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722	353
2009/10	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819	248
2010/11	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165	466
2011/12	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577	116
2012/13	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315	184
2013/14	481 412	212 421	904 222	963	6 015	413
2014/15	499 483	270 309	1 178 797	2 087	9 648	1 262
2015/16	479 308	269 156	1 287 394	3 535	10 403	3 926
2016/17	601 722	339 272	1 254 370	5 070	11 450	3 861
2017/18	544 725	269 813	1 248 420	3 762	10 226	17 058
2018/19	408 923	146 660	689 952	2 729	7 238	4 704
13. august	551 000	248 000	1 273 000	3 000	6 000	
9. september	544 000	242 000	1 301 000	3 000	7 000	
14. november	539 000	220 000	1 250 000	4 000	15 000	
18. mars	546 000	222 000	1 270 000	4 000	16 000	
Prognose	541 000	218 000	1 242 000	4 000	16 000	27 000

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

1) Bli rekna som fôrrug i statistikk og prognose

Scenario for minimums importbehov i sesongen

Importvurdering karbohydrat (tonn)	Rapport 01.12.2017		Inneverande sesong	
	Minimum	Robust	Minimum	Robust
Kraftfôrmetning	1 971 781		1 980 000	
Behov for betepulp/roesnittar	75 000	90 000	75 000	90 000
Behov for mais	50 000	70 000	50 000	70 000
Behov for melasse	60 000	60 000	60 000	60 000
Behov for økologisk vare		15 000	15 000	15 000
Behov for kveite	200 000	250 000	201 000	251 000
Behov for fiberråvare	50 000	70 000	50 000	70 000
Minimums behov for essensielle karbohydratråvarer	435 000	555 000	451 000	556 000
Norsk fôrkteite	-200 000	-250 000	-201 000	-251 000
Norsk kli	-50 000	-50 000	-50 000	-55 000
Korreksjon for ubrukte kvoter førre kvotesesong	0	0	0	0
Suppleringsbehov karbohydratråvare	185 000	255 000	200 000	250 000
Tilgang karbo gjennom bilaterale kvoter (tollfritt)	-65 000	-65 000	-65 000	-65 000
Tilgang kli via MUL-import (tollfritt)	-3 358	-3 358	-3 358	-3 358
Minimumskvoter til auksjon	117 000	187 000	132 000	182 000

Evaluering av prognosert karboimport i 2018/2019

Under er vist evaluering av grunnlaget for prognosert suppleringsimport av karbohydratråvarer i den førre sesongen basert på endeleg registrerte data for den sesongen. Evalueringa viser at det var grunnlag for å tildele 3 200 tonn større kvote, men at det på den andre sida var vesentleg større ubrukt kvote:

Evaluering karbo 2018/19	Siste prognose	Evaluert p.t	Differanse
Omsetning av kraftfôr	2 083 200	2 067 200	-16 000
Andel karbohydrat	73,7 %	73,7 %	0,0 %
Behov for karbohydrat	1 535 000	1 524 000	-11 000
Forbruk av kli frå norsk foredling	-66 500	-61 500	5 000
Behov for karbohydrat ekskl. kli	1 468 500	1 462 500	-6 000
Norsk fôrkor	-656 800	-657 400	-600
Importbehov totalt	811 700	805 100	-6 600
Bilaterale kvoter EU, GSP	-62 883	-63 683	
MUL-kvoter korriger	-19 900	-22 100	-2 200
Kvoter for suppleringsimport	728 917	719 317	-8 800
Ubrukt kvote			13 608